

EMNERAPPORT VÅREN 2024

Emnekode og navn: NOR-U3

Vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring

Våren 2024 var det fire grupper på NOR-U3:

3A: tilsette ved UiB, partnerar og studentar, 2 dagar i veka à 3 undervisningstimar (78 t. totalt)

3B: flyktningar og innvandrarar, 4 dagar i veka à 2 undervisningstimar (104 t. totalt)

3C: tilsette ved UiB, partnerar og studentar, 2 dagar i veka à 3 undervisningstimar (78 t. totalt)

3D: tilsette ved UiB, 2 dagar i veka à 3 undervisningstimar (78 t. totalt)

Kurset gjekk over 13 veker. Gruppene, ca 20 studentar per gruppe, var fordelt på fire lærarar. Det blei gitt tilbod om grammatikkurs.

Pensum var kompendiet *Litt av hvert ... om Norge og nordmenn*. Kompendiet blei lagt ut på Mitt UiB slik at dei som ville kunne ta utskrift. I tillegg leste alle gruppene ein roman og tre noveller. På Mitt UiB hadde studentane tilgang til fasitar og ekstra oppgåver, lydfiler og nettressursar, grammatikkoversikter, tidlegare eksamensoppgåver o.a.

Det blei lagt ut informasjon, oppgåver, powerpoint-presentasjonar med og utan lyd og lenker til studentane på Mitt UiB gjennom heile semesteret. Mange oppgåver er tilrettelagt for digital bruk. Mange av desse oppgåvene kan studentane gjere når det passar for dei. Studentane fekk individuell tilbakemelding både i og etter undervisninga

På emnet har ein følgjande obligatoriske øvingar:

Minst 75 % frammøte

Fem skriftlege oppgåver i løpet av kurset.

Dei som ikkje fyller krava, får ikkje ta eksamen.

Frammøtet har vore relativt bra i alle gruppene.

Mitt UiB og e-post blei brukt til kommunikasjon mellom UiB (administrasjon og lærarar) og studentane.

Trinn 3-lærarane har òg eit særskild godt samarbeid.

Eksamen

NOR-U3 har digital saleksamen. Eksamen bestod av ein skriftleg og ein munnleg del.

Munnleg eksamen bestod av ein samtale mellom student og eksaminator (læraren på kurset) om tema frå pensum.

Eksamen blei vurdert med karakterar frå A til F.

Strykprosent og fråfall

Oppmeldt ved studiestart: 96

Oppmeldt til eksamen 14 dagar før: 75

Møtt til eksamen: 71

Bestått: 61

Stryk: 10, strykprosent 14,1

Faglærers vurdering av rammevilkåra

Lokaler og undervisningsutstyr: Godt

Kommentar til studentevalueringane

Metode – gjennomføring

Elektronisk anonymisert spørreundersøking til alle som deltok på kursa blei sendt ut av administrasjonen. Ca 70 studentar fekk tilsendt skjemaet, ca 30 som svarte jamt fordelt på alle gruppene (7-9 per gruppe).

Oppsummering av innspel

Generelle resultat:

- 86 % vurderte kurset som veldig bra eller utmerka. Dei resterande er spreidde.
- Dei fleste synest undervisninga var (svært) god og er fornøgd med. Elles er det stor spreiding i kva dei ville hatt meir eller mindre av:
- Nokre ønska seg meir av fleire typar undervisning, særleg grammatikk- og vokabularoppgåver.
- Nokre følgde grammatikkurset.
- Nokre syntest at skriveoppgåver og grammatikkoppgåver som heimearbeid var det mest nyttige.
- Ein del (52 %) ønska seg meir uttaltetrening i klasserommet.

- Dei syntest stemninga var god på kurset, at undervisninga var tydeleg og at dei fekk nok tilbakemelding. Nokre nemner at ein del medstudentar er vanskeleg å få i tale.

Alt i alt rekna respondentane kompendiet, materiell på Mitt UiB og ekstramateriell dei fekk av læraren som det mest nyttige på kurset.

- Fleirtalet (64 %) brukte mellom 2 og 5 timar i veka på studiet utanom undervisninga, men spriket var stort. 15 % brukte mindre enn 2 timar, mens resten brukte meir enn 5.
- 55 % var fornøgde med sin eigen innsats.
- Dei rapporterte i stor grad å ha fått betra norskferdigheitene sine.
- Over 90 % brukte Mitt UiB aktivt (fleire gongar i veka eller oftare).
- Ein del peikar på at dei hadde for lite tid til å gjere det som blei kravd av dei på kurset.